

# ÅRSRAPPORT FOR 2017

## Vikebygd søndagsskule

### Organisasjon og føremål

Vikebygd søndagsskule er tilslutta Søndagsskolen i Norge, Karmsund-Sunnhordland krins. Arbeidet er eit trusopplæringsarbeid der born frå 4-12 år får kunnskap om Jesus, Guds ord og den kristne trua. Gjennom songar, forteljingar, drama og ulike aktivitetar vert historiar frå Bibelen og livet formidla. Vårt mål er å gje borna kjennskap til dette.

### Leiarar

Lene Bjerga har vore hovudleiar. I tillegg har Anna Karolina Fisk Eide, Kjersti Hausberg Bjerga og Steinar Skartland (kasserar) vore med. Dei to fyrste har teke ansvar for aktiviteten i laget, medan dei to andre har teke ansvar for henholdsvis papirarbeid og økonomi.

På grunn av lovendringa som sa at alle lag og organisasjonar skal vera registrert i Brønnøysundregisteret, vart det i 2017 arbeid med å få alle formalitetar og papir godkjende. 26.04 var det avholdt stiftingsmøte, vedtekter vart framlagt og godkjent, og årsmøte gjennomført med godkjent val.

### Aktivitet

Frå hausten 2016 har Vikebygd søndagsskule kalla samlingane Venneklubben. Tilsaman var det 10 samlingar fordelt på vår og haustsemester. Samlingane var annakvar fredag. Det var 13 betalande medlem og 15 ikkje betalande medlem. Medlemskontigenten var frivillig og på 50 kr. Ungane deltok på julekonserten i kyrkja som Venneklubben. I romjula hadde Laurdagsklubben ansvar for juletreffesten der mange utanom klubben og kom. Det er einaste juletreffesten som er for Vikebygd i romjula, og den vert sett stor pris på. Ein tradisjon me vil føra vidare til neste år og. Me nyttar Sprell levande som er Søndagsskolen i Norge sitt opplegg med veldig nyttig materiell. Dette kostar ein del, men er verdt det. I det abonnerer me og på bladet Barnas til ungene

### Vidare satsing

I 2017 vart det med nytt leiarskap ei fornying og eit nytt engasjement rundt Vikebygd søndagsskule gjennom Venneklubben. Det er eit tilbod til borna i bygda som ikkje finst utanom. Dette vert satt pris på, og mange ynskjer at det skal fortsetja. I komande år vil ein prøva og fortsetja det gode arbeidet som er påbegynt. Samstundes kanskje endra noko av aktiviteten etter interesse hjå leiarar og ungar, forslag, og kapasitet.

*Vikebygd 04.10.18      Kjersti Hausberg Bjerga*